



Arkivnr: 2014/16238-26  
Saksbehandlar: Kjell Helge Kleppestø

## Saksframlegg

### Saksgang

UTVAL	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	10.11.2015
Fylkesutvalet	18.11.2015

## Etablering av karrieresenter i Hordaland: Forlenging av pilotprosjekt Karriere Sunnhordland

### Samandrag

I sak til fylkesutvalet PS 157/2014, arkivsak 2014/16238-1 vart det gjort vedtak om etablering av Karriere Sunnhordland som eit pilotprosjekt for individuell karriererettleiing for vaksne. Karriere Sunnhordland vart opna etter planen 1. januar 2015 med to karriererettleiarar tilsett i prosjektstilling. Dei har sidan 1. januar vore lokalisert i mellombels lokale ved Stord vidaregåande skule.

Aktiviteten ved Karriere Sunnhordland er høg, og kvaliteten i tenesta er god. Både individuelle karriererettleiingssamtalar og kompetansehevande tiltak for tilsette i NAV og skule er godt i gang. Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, VOX (etat underlagt Kunnskapsdepartementet), har løyvd økonomiske midlar for fullfinansiering av tilbodet ved Karriere Sunnhordland for 2015 og 2016 på bakgrunn av aktivitetane som vert gjennomført.

I pilotprosjektet Karriere Sunnhordland vel ein å prøve ut samlokalisering med vaksenopplæringa ved ein vidaregåande skule. Lokala tiltenkt Karriere Sunnhordland ved Stord vidaregåande skule var planlagt innflyttingsklare tidleg i 2015, men vart har klar før august 2015. Dei mellombelse lokala har gjeve utfordringar for optimal utprøving av Karriere Sunnhordland, sjølv om aktiviteten er høg. Det er framleis stor byggeaktivitet i nærleiken grunna rehabilitering av den vidaregåande skulen. Pilotperioden for Karriere Sunnhordland vert tilrådd forlenga med eitt år for å få naudsynt kunnskapsgrunnlag for å vurdere lokaliseringsspørsmål i høve Karriere Sunnhordland og eventuelt andre karrieresenter i Hordaland.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å forlengje pilotprosjektet Karriere Sunnhordland, individuell karriererettleiing for vaksne over 19 år, med eitt år til 31. desember 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.10.2015**

I sak til fylkesutvalet PS 157/2014, arkivsak 2014/16238-1 vart det gjort vedtak om etablering av Karriere Sunnhordland som eit pilotprosjekt for individuell karriererettleiing for vaksne. Karriere Sunnhordland vart opna etter planen 1. januar 2015 med to karriererettleiarar tilsett i prosjektstilling. Dei har sidan 1. januar vore lokalisert i mellombels lokale ved Stord vidaregåande skule.

Aktiviteten ved Karriere Sunnhordland er høg, og kvaliteten i tenesta er god. Både individuelle karriererettleiingssamtalar og kompetansehevande tiltak for tilsette i NAV og skule er godt i gang. Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, VOX (etat underlagt Kunnskapsdepartementet), har løyvd økonomiske midlar for fullfinansiering av tilbodet ved Karriere Sunnhordland for 2015 og 2016 på bakgrunn av aktivitetane som vert gjennomført.

I pilotprosjektet Karriere Sunnhordland vel ein å prøve ut samlokalisering med vaksenopplæringa ved ein vidaregåande skule. Lokala tiltenkt Karriere Sunnhordland ved Stord vidaregåande skule var planlagt innflyttingsklare tidleg i 2015, men vart ikkje klar før august 2015. Dei mellombelse lokala har gjeve utfordringar for optimal utprøving av Karriere Sunnhordland, sjølv om aktiviteten er høg. Det er framleis stor byggeaktivitet i nærleiken grunna rehabilitering av den vidaregåande skulen. Pilotperioden for Karriere Sunnhordland vert tilrådd forlenga med eitt år for å få naudsynt kunnskapsgrunnlag for å vurdere lokaliseringsspørsmål i høve Karriere Sunnhordland og eventuelt andre karrieresenter i Hordaland.